

Nattverdbøn frå Seljumannamesse

(av Mecky Wohlenberg – mecky@peregrinus.no, tidlegare sokneprest i Selje)

Nattverdbøna som følgjer nede er laga til Seljumannamesse som Nordfjord prosti i Den norske kyrkje kvart år arrangerer i byrjinga av juli. Eg har også nytta den på den tradisjonelle Ervikpreika på Ervik kyrkjegard ved storhavet ytst på Stadhalvøya. Bøna passer fint ved friluftsgudstenester med nattverd nær havet.

Seljumannamesse-dagen for Sunniva og dei heilage frå Selja er 8.juli. I Den norske kyrkje har ein i lang tid hatt eit klosterstemne med gudsteneste i Selje kloster på fyrste sundagen i juli, eller helga som 8.juli faller på. Dei seinare år er arrangementet blitt utvida til ei helg med ”Seljumannamesse og Sunnivadagar” (sjå: www.seljumannamesse.no).

Til friluftsgudstena har ein tidlegare nytta vanleg høgmesseliturgi. Men på 1990-talet ble det laga eit bestillingsverk: Seljumannamesse av Trond Kverno. Denne flotte messa er inspirert av klosteret og gudstenestene som benediktinerane feira i Selje kloster i middelalderen. Den er nokså ressurskrevjande og kan opplevast litt høgkyrkjeleg og mindre folkeleg. Det er ein utfordring at kyrkjelyden ikkje berre blir passiv publikum, slik det kanskje ofte har vore i klosterkyrkjene i middelalderen.

Eg meiner at Selje kloster og Sunnivalegenden er eit unikt høve til å gå enda lengre tilbake i tida, til den keltiske kyrkja. Nå veit vi lite om liturgien i den keltiske kyrkja for 1500 år sidan. Ian Bradley skriv i at han reknar med 2 liturgiske hovudstraumar som levde ved sida av kvarandre: ”Counter cultural” og eksklusiv-klerikale gudstenester på latin i klosterkyrkjene, og på den andre sidan ”culture-friendly” og folkelege gudstenester ved steinkrossane og i heimane kor ein fant himmelen i det jordiske (”Colonies of Heaven. Celtic Models for Today’s Church.” Darton, Longman+Todd 2000, s.123 ff).

Eg vil trekke inn den keltisk kristne inspirasjonen frå vår tid i vårt arbeid med å lage ein familievenleg messe i Selje kloster. Dei siste åra har vi kombinert Den norske kyrkja sine liturgiar for familiegudsteneste og familiemesse, og vi har saksa litt frå andre delar av gudstenesteboka, supplert med keltisk inspirerte tillegg.

Nattverdbøna som fylgjer er basert på bønene i dei alternative nattverdordningane i gudstenesteboka for Den norske kyrkje, supplert med keltisk inspirerte tillegg (t.d. ”sjøfuglen”). Organisten i Selje, Jon Inge Sigerland, har laga musikk til denne bøna. Musikken hans er inspirert av fuglesong og av kyrkjeklokka i Selje kloster.

Nattverdbøn

Heilage Gud, du held himmel og jord i dine hender.

*Du har fylt skaparverket med ljøs og liv og leik;
sjøfuglen og fisken i havdjupet minner oss om det.*

Du opnar di hand og settar alt levande med det som godt er.

*Du lèt Son din leva som eit menneske mellom menneske,
du gav Maria og Jesus dagleg brød å dele,
du lèt Jesus døy på krossen og reiste han opp frå døden.*

Han er det sanne brødet som kjem ned frå himmelen og gjev verda liv.

Send din Ande over oss og desse gåvene dine,

så vi med tru og takk kan ta imot det himmelske brødet.

Og liksom kornet har vorte eitt i brødet og druene i vinen,

så gjer oss til eitt med kvarandre og med Herren Jesus Kristus og lat oss bli heile.

*Sameina bøna vår med bønene frå tenarane dine alle stader og gjennom alle tider,
og med forbøna frå vår store øvsteprest, som alltid bed for oss,*

til dess han kjem med siger, som Herren over alle ting.